



Hyttekarusellen 2023

I høve 100 års jubileet til Bygdelagssamskipnaden inviterer Jubileumsnemnda til Hyttekarusell der det gjeld å vitja flest mogleg av lagshyttene i løpet av jubileumsåret.

Deltakarane i Hyttekarusellen skal registrere alle hyttebesøka ved å klikke seg inn på følgjande skjema: <https://forms.office.com/r/G3uhgkSG2m>

Det må sendast inn eitt skjema for kvar hytte ein besøkjer. Besøker ein fleire hytter på same dag kan ein krysse av for det i same skjema.

Trekning av (fine) premiar blant deltakarane. Vinnarane blir kunngjort i samband med Jubileumsframsyninga "100 år med bygder i byen" på Det norske teatret laurdag 28. oktober 2023.

Følgjande lagshytter er aktuelle:

	Namn på hytta	Eigarlag	Lokalisert ved/i	Ope hus
1	Bondehytta	BUL	ved Ørfiske i Nittedal	14. mai og 16.- 17. juni
2	Buvollen	Valdreslaget	ved Kringletjern, sør for Sinober, Lillomarka	14. mai og 2. september
3	Hallingbu	Hallinglaget	vest for Ormetjern, ca. m. 700 vest for Sinober	14. mai og 14. juni (frå kl. 17.00) (spikjiktøtdagen)
4	Hordahytta	Hordalaget	vest for Holåsmyra, nokre km. sør for Sinober	14. mai, 10.- 11.juni, 16.sept. og 21. oktober
5	Håløygheimen	Håløyglaget	ved Lysern i Enebakk	23. juni og 23. september
6	Nordfjordhytta	Sogn og Fjordane laget	på Eineåsen rett ovanfor Rykkin i Bærum	21.-22. mai og 30. sept. - 1. okt.
7	Numedalshytta	Numedalslaget	Skollerudsåsen i Lommedalen	10. juni
8	Pustut	Sogn og Fjordanelaget	ved Ormetjern, vest for Sinober, Lillomarka	14. mai, 25. juni, 23. sept. og 28.-29. oktober
9	Røkleivhytta	BUL	vestfor Tryvannshøgda	18. juni
10	Sørlandshytta	Sørlandslaget	ved Vennervann, sør for Sinober, Lillomarka	14. mai, 17.-18. juni, 23.sept. 28. oktober
11	Telehytta	Telelaget	ved Brænna, på veg opp mot Sollihøgda	Ikkje open
12	Tuva	Hardinglaget	i Sylling (ved Øvre Skustad)	08. juni

På dei neste sidene finn du bilete av alle lagshyttene, kart og omtale av vegen fram dit.

1. Bondehytta - BUL si hytte i Lillomarka




Du kjem deg lettast til hytta ved å nytte tog frå Oslo til Movatn stasjon (R 31 Jaren), få P-plassar ved stasjonen). Frå Movatn stasjon er det om lag 4 km skogsbilveg til Ørfiske. Følg skogsbilveg frå stasjonen som tar inn til venstre i den nordlege enden av stasjonen og følg deretter skilt mot Ørfiske i alle vegskilje.

Eit par hundre meter etter bommen ved garden Lørenskog tek det av veg til venstre skilta m.a. til Tømte. Der skal du halde litt til høgre. I neste kryss (etter ca 100m) kjem Greveveien opp frå høgre, der følger du Greveveien vidare norover. Neste kryss i ei dump skal du ikkje vegen ned til høgre til Laskerud. Då er det nokre hundre meter til vegskiljet ved Øfiske, (ca. 1,5 km etter bommen).


Når du kjem fram til Ørfiske, tek du av til høgre forbi neste bom og går nedanfor (eller over) demninga og følgjer vegen vidare nordetter langs austre sida av vatnet. Etter kvart tek vegen til å stige og svingar austover bort frå vatnet. Midt i bakken kjem du til ein garasje på høgre side av vegen, ca. 20-30 m lengre opp tek stien til hytta av til venstre. Der er det sett opp eit raudt skilt med kvit skrift som det står "Bondehytta" på. Følg stien ned på ei myr og opp på andre sida, så er du framme (ca. 2-300 m).

Sjå ellers videoen: https://youtu.be/K2pviX_fMIY som viser vegen frå Movatn til hytta.

Kart som viser veg frå Movatn til Bondehytta




2. Buvollen- Valdreslaget si hytte



For å komma til **Buvollen** kan du ta toget til Movatn og gå på skogsbilvei eller blåmerka sti til Burås, deretter inn på blåmerka sti til Sinober. Rett før husa på Sinober tek du sørover på blåmerka sti. Følg denne stien til ein gul sti kryssar han. Der tek du inn til høgre og etter nokre hundre meter er du framme ved hytta.

Utgangspunktet også vera Snippen stasjon. Der følgjer du skogsbilvei først sørover deretter nordover mot Sinober. Der vegen sluttar går du inn til høgre inn på umerka sti opp lia. Stien runder nordre enden av Nordre Langvann og tek sørover langs austsida av vatnet. Stien er merka gul heilt fram til Buvollen. Alternativ kan du køyra til Sandermosen der det er råd å parkera både på stasjonsområdet og i Grevevegen og så gå sørover/nordover på skogsbilveg til du møter vegen frå Snippen i Styggedal. Sjå kartet



Til Sandermosen

Hallingbu – hytta til Hallinglaget



Hallingbu ligg ca. 700 meter vest for Sinober Sportsstue i Nittedal kommune 422 moh. Hytta ligg rett vest for Ormtjern (tomta grensar ned til vatnet), på ei markert høgde som heiter *Østre Torkildstuhøgda*. Denne høgda og hytta er markert på Norgeskart-appen! Utgangspunktet for tur til Hallingbu er enten Movatn eller Snippen, togstasjonar med nokre få P-plassar, eller Sandermosen der ein kan parkera på stasjonsområdet eller i Grevevegen.


Frå Movatn kan ein enten gå blåmerka sti mot Sinober, eller først ta skogbilvegen nord-austover til Burås (skilt Sinober) og gå inn på blåmerka sti i svingen rett nedanfor Burås. Rett før husa på Sinober går ein vestover og inn på blåmerka sti mot Snippen/Sandermosen.

Frå Snippen går ein skogbilveg først sørover/deretter nordover til endes og så inn på blåmerka stig mot Sinober. Før bakken ned mot Sinober er det skilt merka Hallingbu (sjå ovenfor).

Frå Sandermosen går ein først inn på blåmerka sti til ein kjem opp på skogbilveg. Gå skogbilvegen nordover til han møter skogbilvegen frå Snippen i Styggedalen. Du kan eventuelt ta den blå stien rett opp lia der vegane møtes og følgja den blåmerka stien fram til skiltet mot Hallingbu.

Det er sett opp to skilt til Hallingbu. Det første skiltet står i krysset der den Blå løypa tar av mot Snippen rett vest for Sinober (150 m). Det andre skiltet der stien opp til Hallingbu tar av etter nye 400 meter til høgde. Rett før det fyrste skiltet til Hallingbu kan ein også ta stigen inn til Sogn- og Fjordane hytta (Pustut) og der vil ein skimte Hallingbu oppe på høgda i vest. Ein kan gå via denne hytta og via den vesle stigen ned til den blå løypa mot Snippen.

Kart der Hallingbu er innteikna.




3. Hordahytta-hytta til Hordalaget



Hordahytta ligg i Lillomarka, rett ved den blåmerka stien mellom Solemskogen og Sinober, vest for den store myra Holåsmåsan på høgda Holåsen, mellom vatna Vennervann og Kringler.

Solemskogen med stor P-plass og buss 56 frå Nydalen/Storo er eit greit utgangspunkt. Følg den blåmerka stien nordover mot Sinober, hytta hytta på venstre side av stien og er lett å sjå. Ho er òg lett å finne om du går via Sinober (frå Movatn, Snippen eller Sandermosen) og sørover på stien mot Solemskogen, då har du hytta på høgre side.

Den kortaste vegen går frå Snippen, men då må du følgje skogsvegen opp til den store venstresvingen, ta av til høgre på den bratte stien oppover forbi Granberget, svinge til venstre og gå 50 m på stien mot Kjelsåshytta, og så ta til høgre forbi Marring-hytta, deretter til venstre over den vesle speidarbrua og passere Romsåsspeidarhytta, sjå gul markering på kartet nedanfor.



4. Håløygheimen – Håløyglaget si hytte



Håløygheimen ligg i Enebakk kommune på halvøya Svineset i Lyseren. Adressa er Svinesveien 63, 1914 Ytre Enebakk. Håløygheimen omfattar 2 flotte lagshytter som ligg idyllisk til ved Lyseren. Her er det flotte leikeplassar, trampoline, utegrill, båtar, badeplass og flott skog med bær og susande graner.

For å komme til Håløygheimen tek du E6 ut av byen gjennom Ryenkrysset deretter avkjørsel 27 mot Fv 155 Enebakk (Holmlia m.m.). Etter vel 3 km. ta til venstre og inn på Fv 120 Lillestrømveien. Kjør nordover. Etter ca 2,6 km. (ved Bekkelaget) tek ein sørover og inn på Sulerudveien. Følg denne til de kjem til Svinesveien, der det er ein bom. For å kome heilt fram må ein gjennom bommen. Det treng kode for å kome gjennom bommen. Det er omlag to km å gå frå bommen.

Buss 550 Oslo-Enebakk er eit bra alternativ til bil. Ta bussen til stoppet Bekkevold. Det er om lag fire kilometer å gå frå busshaldeplassen til hyttene.

For å besøke hyttene 23.06. eller 23.09. meld frå til Ida Marie Holmin på tlf. 91610461 eller ida.marie.holmin@getmail.no

Kart som viser vegen til Håløygheimen



5. Nordfjordhytta – ei av hyttene til Sogn og Fjordanelaget



Nordfjordhytta ligg på Eineåsen ovanfor Rykkinn i Bærum. For å komme dit kan du køyre E18 ut av byen til Sandvika, ta avkjørsel 16 mot Bergen/Sandvika, deretter 5,3 km. på E 16 til avkjøring 4 mot FV 160 Rykkinn, etter ca. 400 m. til venstre og inn på Rykkinnveien. Etter ca. 1,1 km. inn til venstre på Busoppveien. Der kan du som oftast finne parkering like ved der turvegen til hytta startar.

Alternativt med buss 160 Rykkinn til Otto Rykkinds vei. Då er det ca 10 min å gå til Busoppveien der turvegen startar. Turen til fots opp frå Busoppveien er ikkje lang, men litt bratt (tar nok 30-45 min).


Nedanfor eit kart som viser vegen frå Busoppveien.



6. Numedalshytta – Numedalslaget si hytte



Numedalshytta ligg på Skollerudsåsen i Lommedalen, adressa er Trulsebråten 52 (A og B). For å komme dit kan ein enten kjøyre over Røa eller Sandvika til Lommedalen. Kjør Lommedalsvegen nordover, ca. 4-500 m. etter Bærums verk tar du til høgre og inn på Skollerudsveien så etter ca. 1,4 km. til høgre og inn på Lesterudveien. Etter 850 m. til høgre og inn på Trulsebråthen. Så gjeld det å finna nr. 52. Vegen oppover Trulsebråten er smal og i dårleg stand (best med 4-hjuls trekk) og det manglar P-plassar.



7. Pustut- Sunnfjordhytta – ei av hyttene til Sogn og Fjordanelaget




Sunnfjordhytta (Pustut) ligg ved Ormetjern rett vest (ca. 300 m) for Sinober i Lillomarka. Dit kjem du ved enten å ta toget til Movatn eller Snippen eller å køyra bil til Sandermosen der ein kan parkere både inne på stasjonsområdet og i vegen nedanfor. Ein kan og køyre til Kjul i Nittedal (R4) og følgje skilting til Lillomarka parkering. Derifrå går ein grusvegen til Sinober og vidare til på blåmerka sti mot Snippen til skilt viser veg inn til høgde til Sunnfjorhytta (Pustut).

Frå Movatn kan ein enten gå blåmerka sti mot Sinober, eller først ta skogbilvegen nord-austover til Burås (skilt Sinober) og gå inn på blåmerka sti i svingen rett nedanfor Burås. Rett før husa på Sinober går ein vestover og inn på blåmerka sti mot Snippen/Sandermosen.

Frå Snippen går ein skogbilveg først sørover deretter nordover til endes og deretter inn på blåmerka stig mot Sinober. Før bakken ned mot Sinober er det skilt merka Pustut (sjå ovenfor).

Frå Sandermosen går ein først inn på blåmerka sti til ein kjem opp på skogbilveg. Følg skogbilvegen nordover til han møter skogbilvegen frå Snippen i Styggedalen. Derifrå kan du enten ta den blåmerka stien rett opp lia eller følgja skogbilvegen vidare oppover dalen. Deretter som ovanfor.

Kart der Pustut er innteikna



8. Røkleivhytta- BUL




Røkleivhytta ligg vest for Tryvannshøgda i Nordmarka, og har vore lagshytte for Bondeungdomslaget i Oslo sidan ho stod ferdig i 1921.

Du kjem dit ved enten å ta T-bane eller køyra eigen bil.

- **Med T-bane:** Ta t-bana til Lillevann stasjon. Kryss over sporet og hald fram nordover på vestsida av sporet langs vegen Rødkleivfaret. Etter fem minutt kjem du til ein snuplass der det også er plass å parkere nokre få bilar. Gå så tjue meter nedover ein grusveg før du tek til høgre inn i skogen. Følg stien over den gamle skiløypa og vidare. Etter 10-20 minutt kjem du til hytta. Det er ca 600 meter å gå. I botnen av ein bratt unnabakke kryssar stien Røkleivbekken på ei bru, og rett etterpå kryssar stien den blåmerka stien som kjem opp frå Strømsdammen. Herifrå er hytta godt synleg, og det er berre en liten motbakke att.
- **Med bil:** Køyr Ring 3, avkjøring mot Vindern/Slemdal/Forskningssentren, deretter til høgre oppover Slemdalsveien (skilt mot Slemdal). Etter 1.1 km. til høgre og inn på Risalleen, etter 2,1 km rett fram ut på Setra vei, så etter 1,8 km. til venstre inn på Lillevannsvien og etter nye 1,8 km. ny venstresving inn på Rødkleivfaret. Parker på parkeringsplassen heilt inst i vegen. Deretter same ruta til fots som omtalt ovanfor.

Kart der Rødkleivhytta er innteikna



9. Sørlandshytta – Sørlandslaget si hytte



Sørlandshytta ligg i nordenden av Vennervann i Lillomarka.


Enklaste måte å komme seg til hytta på er å starte fra parkeringsplassen på Solemskogen (bil eller buss 56 frå Nydalen/Storo). Du kan enten ta frå skogsvegen og inn til venstre på blåmerka sti ca. 150 m. etter bommen og følgje stien til han endar opp i skogsveien/skiløypa att. Eller du kan følgje skogsvegen/skiløypa rundt Sætertjerne i retning Lilloseter ca 2 km til du kjem til ein skarp høgresving i ein nedoverbakke (ligger ved Evensætermyra). Her tar du av til venstre og følgjer skiløypa mot Vennervann, Sørskogen og Sinober. Det er skilta til Sørlandshytta her.

Du følger skiløypa ca 500 meter oppover. Her deler løypa seg i sommerløype og vinterløype. Du kjem fram begge veier, men det enklaste er å følgje vinterløypa (skiløypa). Du følger denne vidare ca 1,5 km. Når du går forbi Grisputten begynner løypa å stige kraftig. Når stigningen er ferdig går du over ei lita og ganske blaut myr og deretter opp en liten bakke. Her tar du av fra skiløypa og følgjer ein sti som tar av til venstre. Det er skilta til Sørlandshytta her. Deretter følgjer du denne stien oppover 200 – 300 meter til du kjem til ein sti som tar av til venstre igjen. Det er skilta til Sørlandshytta. Denne stien følgjer du ca. 300 – 400 meter og du finn Sørlandshytta.

Hvis du er dårleg skodd og vil unngå blaute myrar så kan du gå inn på den blåmerka stien som kryssar skogveien/skiløypa ved veidelet nemnt ovanfor. Den blåmerka stien går oppover vest for Griseputten (skiløypa går aust for Griseputten) og deler seg i to retningar, ein nordover forbi Hordahytta til Sinober og ein i austleg retning merka Lilloseter. Etter nokre hundre meter møter du stien frå skiløypa omtalt ovanfor og kan følgja skilting fram mot Sørlandshytta.

Det er ca. 5 km å gå fra parkeringsplassen på Solemskogen og fram til Sørlandshytta.

Kart der Sørlandshytta er innteikna



10. Telehytta - Telelagets hytte



Telehytta ligg ved Brenna på veg oppover mot Sollihøgda i Bærum. Vi har diverre ikke lukkast å få veibeskrivelse opp dit.

12. Tuva – Hardinglaget si hytte



Tuva ligg i Øverskogen, like ovanfor Øvre Skustad gard i Sylling. For å komme dit tek du E18 ut av Oslo, deretter avkjørsel 22 mot Fv 282 mot Tranby, i rundkjøringa nede i lia ta til høgre inn på Fv 285 (Ringeriksveien) mot Sylling. Etter ca. 9 km. ta svakt til venstre og inn på Modumveien, Fv 284. Kjør gjennom Sylling sentrum, deretter nordover på Modumveien (Fv 284) , etter 2,7 km. ta inn til venstre på Røineveien (skilt: Røine) . Etter 3 km. ta til venstre og inn på Øvre Skustadvei. Parker ved bommen eller på tunet på Øvre Skustad gard. Frå bommen går du 3-400 m. oppover lia (ikkje inn til høgre) og så vil du sjå Tuva på venstre side av vegen/stien.

